



SAMNANGER KOMMUNE

Arbeids- og sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep

0030 OSLO

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 200400578	Dok.nr.: 61
Arkivnr.: 314	Dato: 10.03.05
Avd.: VPA/SFF	Saksbeh.: CBK
U.off.:	

Saksnr/Løpenr.
05/00088/000620

Arkivkode

Dykkar ref.:

Avd/Sek/Saksh
SEN/ASK/MH

Tysse, 08.03.2005

HØYRINGSUTTALE – "LOV OM RÅD ELLER ANNEN REPRESENTASJONSORDNING I KOMMUNER OG FYLKESKOMMUNER FOR PERSONER MED NEDSATT FUNKSJONSEVNE."

Me viser til høyringsbrev med framlegg til ny lov. Samnanger kommune står ikkje på lista over høyringsinstansar, men me ynskjer likevel å uttala oss om framlegg til ny lov.

Våre svar på departementet sine spørsmål vert som følgjer:

Nr.	Departementet sine spørsmål	Våre svar
1.	Bør kommunane og fylkeskommunane kunna velja om dei vil ha råd eller annan formalisert representasjonsordning?	Ja
2.	Bør fleire kommunar / fylkeskommunar kunna ha felles råd eller annan ordning?	Ja
3.	Bør kommunane / fylkeskommunane kunna ha felles ordning for eldre og menneske med funksjonsnedsettingar?	Nei
4.	Har kommunen alt oppretta råd eller annan formalisert representasjonsordning for menneske med funksjonsnedsettingar?	Nei
5.	Er det sannsynleg at kommunen, dersom det vert gjeve høve til det, vil oppretta felles råd for eldre og menneske med funksjonsnedsettingar?	Nei
6.	Er det sannsynleg at lova vil føra til endra direkte eller indirekte kostnader i høve til det kommunen / fylkeskommunen no brukar til å gjera seg kjent med kva syn personar med funksjonsnedsettingar og eldre har i utforminga av politikken på område som vedkjenm dei spesielt? Eventuelt kor store mindreutgifter eller meirutgifter?	Ja, meirutgifter Ca. 15.000 pr. år


I tillegg ynskjer me å merka til lovframlegget at det vert svært vanskeleg for små kommunar som oss å oppretta råd for personar med nedsett funksjonsevne. Dette fordi ein kommune på vår storleik (folketal ca. 2300) er for liten til at det finst noko organisert lag som ivaretek


Adresse	Telefon	Telefaks	Bankgiro	Sakshandsamar/Direktetelefon
5650 TYSSE	56 58 74 00	56 58 74 01	3562 07 00035	Magda Haugen / 56 58 74 20

desse personane sine interesser. Dersom det skal kunna opprettast eit slikt råd i vår kommune, føreset dette at det finst eit velfungerande organisasjonsliv for desse personane i kommunen.

Når me no i desse dagar arbeider med å laga ein plan for denne gruppa menneske i kommunen vår, har me problem med å finna representantar som kan høyrast nettopp avdi me ikkje har nokon organisasjon som arbeider spesielt for denne gruppa menneske.

Med helsing


Tone Ramsli
administrasjonssjef


Magda Haugen
konsulent

Vedlegg:

Kopi: